



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 4/2016

Møtedato: 27.1.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Revisjon av fiskeregler

Fjellstyret brukar ha ein gjennomgang av fiskereglane kvar fjellstyreperiode.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag bad i 2013 fjellstyret å vurdere å endre fiskereglane for Rensenn slik at utanbygds også kan fiske med oter her. Bakgrunnen for dette var at vatnet begynnar å bli overbefolka og det resulterer i små fisk. Dette fører vidare til at færre fiskar her og tilstanden i vatnet blir endå verre. Rensenn er det einast vatnet i allmenningen det er for mykje fisk, dei andre vatna er i balanse eller med tynn bestand med behov for fiskeutsetting. I 2013 vedtok fjellstyret ei prøveordning med oterfiske for utanbygds i Rensenn og fjellstyret må ta stilling til om tiltaket skal vidareførast.

Oversikt på salg i prøveperioden:

	2013	2014	2015	sum
enkelt	25	17	10	52
familie	1		1	2
sum	26	17	11	54

Det har vore ynskje om at ordninga kan utvidast frå å vera avgrensa til juli månad, til å gjelda frå 1. juni til 15. september.

Sidan det har vore avgrensing i talet på kort pr. dag har det berre vore salg av kort frå Vasetcenteret. Inatur.no er eit anna alternativ for salg. Ut frå salg av kort kan det vurderast om det er nødvendig med ei avgrensing på 3 kort pr dag.

Gjeldande fiskeregler:

**§1. Utanbygdsbuande og utlendingar har mot løysing av fiskekort lov til å fiske med stong eller handsnøre.**

*Det er tillede å bruke maksimalt 2 stenger pr. fiskar. Ved isfiske er det lov å bruke inntil 5 pilkestikker.*

*Stong eller handsnøre som er sett ut blir rekna som faststående reiskap jfr. §2 og er ikke tillede.*

*Utanbygdsbuande og utlendingar kan som ei prøveordning i perioden 2013-2015 fiske med oter i Rensenn mot løysing av eige fiskekort.*

- *Ordningsa gjeld i juli månad og det kan seljast 3 kort pr. døgn.*

- *Alt kortsalg skjer via Vasetcenteret.*

- *Bruk av båt er tillede og det kan brukast 2 oterar pr. fiskar.*

- *Bruk av motor/elmotor er ikke tillede.*

- *All fisk skal takast opp uavhengig kor stor fisken er*

- *Innan 1 veke skal det rapporterast om talet på fisketimer og fangst (stk/kg)*

- *Fiskerapport i rapportkasse på Rensenn eller i post til Vestre Slidre fjellstyre*

**§2 Innanbygdsbuande har mot løysing av fiskekort lov til å fiske med stong, handsnøre, oter og faststående reiskap (utstenglar, line, ruse og botngarn). Som innanbygds er å rekne dei som er står i folkeregisteret for Vestre Slidre kommune, samt dei som er eigara eller forpaktar av bruksberettiga eigedom i Vestre Slidre kommune.**

Reglar for fiske med faststående reiskap og oter:

Vatn	Antall garn el. line pr båttag	Minste maskevidde	Lengde på garn og line	Bruk av oter, line, ruse og garn er tillede i tida
Storfjorden	12	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Grønsenn	10	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Rensenn	10	fritt	25 m	fom 1.6 tom 15.9
S.Syndin, M.Syndin, N.Syndin (del i V. Slidre), Nestisvatnet, Mosvatnet, Halvorstølstjednet/Matkista	8	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9

Køltjednet, Strøstjednet, Svulttjedet, Skruvletjednet	4	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Andre vatn	<i>Fiske med faststående reiskap er ikkje tillete, unntake er fiske med utstenglar jf. §2 siste ledd</i>			

*Fastståande reiskap skal på godt synleg flytemerke vere merka med fiskaren sitt namn og adresse.  
Merkinga skal berre skje næraast land.*

*Kvar båttag kan ikkje fiska med fastståande reiskap i meir enn eitt vatn på same tid og ingen kan delta i fleire båttag. Dette gjeld ikkje ved fiske i Rensenn.*

*Fiskaren må delta både ved utsetting, ettersyn og opptaking av fastståande reiskap. Fiskaren kan ha med kven han vil som hjelpesmann under fiskinga.*

*Ved fiske med utstenglar, er talet på utstenglar avgrensa til maksimalt 5 stk.*

**§3 Fiskekort må vera med under fisket og visast ved kontroll.**

**§4 Barn og ungdom t.o.m. 20 år treng ikkje løyse kort for fiske med stong eller handsnøre, men alder må kunne dokumenterast ved kontroll.**

**§5 Alt fiske er freda i perioden f.o.m. 16.9 til vatna er islagte.**

**§6 Godkjent hevdvunne slørettar kan nyttast f.o.m. 1.6 t.o.m. 15.9.**

**§7 Fiskaren pliktar å gjera seg kjent med generelle reglar i fjellov og offentlege forskrifter/lover.**

**§8 Brot på reglane vert straffa jf. fjellovas §37.**

**§9 Reglane tek til å gjelde frå og med 1.3.2014.**

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag og Vestre Slidre kommune er bedt om uttale til søknaden.

Administrasjon ser ikkje behov for endringar i fiskereglane ut over å ta stilling til om ordninga med oterkort for utanbygds skal vidareførast. Ordninga har vore positivt motteke og det er ikkje kome negative merknader til frå innanbygds fiskarar i Rensenn. Det er framleis behov for å auke fiskeinnsatsen i Rensenn for å tynne i bestanden. Tiltaket bør derfor innarbeidast i fiskereglane som ei fast ordning. Ut frå talet på kort ser ein ikkje at det er behov for avgrensing på 3 kort pr. dag.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret vedtek å vidareføre fiskereglane med følgjande endring i §1 andre avsnitt:

Utanbygdsbuande og utlendingar kan fiske med oter i Rensenn mot løysing av eige fiskekort.

- Ordninga gjeld frå 1.6 til 15.9.
- Bruk av båt er tillete og det kan brukast 2 oterar pr. fiskar.
- Bruk av motor/elmotor er ikkje tillete.
- All fisk skal takast opp uavhengig kor stor fisken er.
- Det skal innan 1 veke etter avslutta fiske rapporterast om talet på fisketimar og fangst (stk/kg).

Vestre Slidre jeger og fiskarlag har den 22.1.16, etter saksutgreiing var sendt tilfjellstyret, kome med følgjande merknader:

*VSJFL har på styremøtet 20.01.16 sett på de foreslalte reglene. Vi er enige i endringene som gjøres.*

*Oterfiske i Rensenn for utanbygds i et større omfang enn nåværende ordning, med økt fisketid og uten begrensning i antall kort, kan både gi grunnlag for et større uttak av småfisk fra vannet og samtidig være et godt tiltak for turister/hyttefolk. Det bør være en jevnlig vurdering av ordningen. Vi støtter også et mulig salg gjennom "Inatur" for å øke tilgjengeligheten.*

*Det er satt opp 8 garn pr båttag for Midtre og Sørre Syndin. Disse vatna er vesentlig større enn de andre vatna med 8 garn. Det bør være mulig å fiske med 10 garn pr båttag i disse vatna på samme måte som i Grønsenn og Rensenn.*

Fjellstyrt drøfta framlegg om å auke talet på garn i Sørre og Midtre Syndin. Styret fann det lite aktuelt å auke talet på garn her sidan fiskebestanden her er tynn og ein må bruke store resursar på fiskeutsetting.

#### **Vedtak:**

Fjellstyret vedtek å vidareføre fiskereglane med følgjande endring:

## §1 andre avsnitt:

Utanbygdsbuande og utlendingar kan fiske med oter i Rensenn mot løysing av eige fiskekort.

- Ordninga gjeld frå 1.6 til 15.9.
- Bruk av båt er tillete og det kan brukast 2 oterar pr. fiskar.
- All fisk skal takast opp uavhengig kor stor fisken er.
- Det skal innan 1 veke etter avslutta fiske rapporterast om talet på fisketimar og fangst (stk/kg).

Reglane for bruk av båtmotor skal presiserast i fiskereglane i eigen ny paragraf med følgjande ordlyd:

Det er lov å bruk båtmotor i Nørre Syndin, Midtre Syndin, Sørre Syndin og Storfjorden med dei avgrensingar i motorstyrke som gjeld i kommunal forskrift for motorisert ferdsel i utmark.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 27.1.16

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger og fiskarlag  
Vestre Slidre kommune